

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 17.12.2018

### Handsaming i møte

I diskusjonen kom det fram forslag om desse to prosjekta:

- Prosjekt nr. 5: «Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel»
- Prosjekt nr. 9: «Transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga)»

Etter prøveavrøysting vart det 4 stemmer for prosjekt 9 og 1 stemme for prosjekt 5.

Moment/problemstillingar vert m.a. ein del av bestillinga for prosjekt 9:

- Forskjell Hordaland vs. Sogn og Fjordane
- System og rutinar
- Kompetanse og ressursar
- Kvalitet i arbeidet (likebehandling)
- Tilfredstillande system?
- Blir politiske vedtak på området følgd?
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og brukarorganisasjonar bør involverast

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan Transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga).
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 07.01.2019.
4. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
5. Prosjektplanen vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering i møte 11.02.2019.